

TAXI/BUS ODDA AS
Urdavegen 1
5750 ODDA

Dato: 26.03.2018
Vår ref.: 2018/10009-1
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Gjeld persontransport på strekninga Odda - Trolltunga

Vi viser til nettstaden <http://www.taxibusodda.com/>, dags dato, der det – slik vi forstår teksten - står at de mot vederlag vil tilby regelmessig transport av personar i det bestemte trafikksambandet Odda – Trolltunga, som skal vere open for alle, med på- og avstiging på ei rekkje fastsette stoppestader.

I yrkestransportlova § 2 (1) heiter det følgjande:

Som rutetransport reknast regelmessig transport av personar i eit bestemt trafikksamband dersom transporten står open for alle, og på- og avstiging kan skje på stoppestader som er fastsette på førehand.

Etter det vi kan sjå vil de såleis tilby rutetransport på den aktuelle strekninga.

I yrkestransportlova § 6 (1) heiter det følgjande:

Den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med motorvogn må i tillegg til løyve etter § 4 [(turvognløyve)] første ledd ha særskild løyve for rutetransport.

Fylkeskommunen er løyvestyresmakt.

Dette inneber at de må sende søknad hit for å setje den kunngjorte ruta i drift. Søknad om ruteløyve skal vedleggjast forslag til ruteplan og takstregulativ, politiattest, konkursattest og skatteattest. Attestane må vere av nyare dato enn 3 månader. Som følgje av reglane i forvaltningslova, er normal sakshandsamingstid for ruteløyve ca 4 månader.

Ruteløyvet de har for strekninga Odda – Buer – Strand kan ikkje nyttast for rutetransport på strekninga Odda – Trolltunga.

Samferdselsavdelinga står til rådvelde for vidare rettleiing.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.